Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76

Tilleggsspørsmålnr. Dei kloke

Emne : – " –

Oppskr. av: Martina Søylen

(adresse): Voss.

Fylke: Hordaland.

Herad: Voss.

Bygdelag: Voss.

Gard: Ragne.

G.nr. 49 Br.nr. 17.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mi oldemor Anna Midtbare vart rekna for
ei slik kvinna, Klok kvinna: Ho visste mest
råd for alt, både lekamleg og sjølelegt –.
Ho gjekk skog og mark å plukka urter til
lækjedom åt folk og fe – også til plan-
tefarging med same –. Men i si sterke
Gudstru so gav ho alle som søkte henne
Von og tru dertil laga ho då ymse
medisin av urter, lækjesblokker, kjerring-
råkk og ymse andre plantar – kvart til
sitt bruk. Lækjesblakkor brukte ho å leg-
ga på sår og det græddi – Bremnesla la ho
på giktiske føter og rygg – Den måtte vera
ung og frisk det besna – Kjerringråk kokte
ho the av og det skulle dei drikka for
fleire sjukdomar sålis prostata. Enno
i dag fins det folk på Voss som brukar
desse lækjemiddel. Eg har ei heil lista
om hennar medisinar. Ho var og den som
tok mot småborna og gav barselkvinnor
rettleiding og råd. Ho levde liksom for å
hjelpa andre og helt seg etter Gudsordet
og fekk på denne måten intuitivt kva
ho skulle gripa til i ymse høve –

15334

Ein del av hennar lækjaropskrifter:
For vært i magen & mislag av tiuntrast –
av same the 1 sp. s. 3 g dagleg fyre maten, drik vatn.
Hamaridar: Knust tørre grablad til pulver, bland
dette i lit honning eller smelta fåretalg – lag
små avlange kidor, smett dei inn i endetarmen –
Dårleg fordöielse – Slå kokende vatn på tørre
blåbær. Sterkare des bedre drikkes før maten –
ja eg kunde skriva op fleire slike råder men meir
seinare –

Eg kjende og ei slik klok kone i Bergen –
Ho heitte frú Sagnefiset – Er død no –
Ho har ein son som er Dr. i U.S.A –
Men ho tok fleire passientar, som var op=
gjevne av lækjarane og hjelpte dei til med
helsa og nyt arbeidsmot. Det var ur=
ter, bön og vatn ho brukte. Ho var
syskinbarn til min far –
Lækjarane stad afte undren yver henne:
I den seinare tid har me då havt
Falvik naturlækjaren og Dr. Häines
som ogsa er naturlækjar på Ask ved
Bergen –.
Bilete av Anna Midtbøre har dei på
Bygdö musèum so de kan låna det der –
Eg sende dit ein del gamle bilete frå Vass.
No med same sender eg eit stykke om
Anna Midtbøre som eg skreiv til Dagen
for ei tid sidan – Det må De vera
so imarleg snill å returnera sna=
rast råd er, då eg gjerne vil ha det
attende.

Martina Søylen –

Kan skriva meir om dette seinare om De
ynskjer det – D.S.

15334

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING